

Fiskar fall i sjøen

Ein eldre mann fall i sjøen i samband med fiske ved Fosse i Strandebarm onsdag førmiddag. Mannen vart berga på land før bergingsmannskapa nådde fram. Både brannmannskap, ambulanse og eit legehelikopter rykte ut. Båten var fylt med vatn. Tilstanden til mannen syntest vera god då han vart send til legesjekk med ambulanse, opplyser politiet. Legehelikopteret gjorde vendereis.

Innbrot

Det vart gjort skadeverk på nokre kontor då uvedkomande braut seg inn i Jondalskule.

Lensmannen opplyser at innbrotet skjedde i helga, men at det truleg ikkje er store noko.

Vellag får folk vel heim

Takka vera tilskot frå husstandane, Kvam herad, Gjensidigefondet og Sparebanken Vest får det nye bustadfeltet på Sandven i Norheimsund både veglys og ein leikeplass for til saman om lag 110.000 kroner.

– Dette er eit privat felt som i utgangspunktet står utan felles gode som veglys og leikeplassar. Me skipa ei velforeining og sende

søknader om stønad, og det lukkast. Me set stor pris på stønaden, seier Anders Nordheim, som òg rosar Kvam kraftverk AS for velvilje.

Han fortel at Gjensidigefondet løyvde 50.000 kroner til veglysa.

– Sandven vel ynskjer at dei som bur i byggjefeltet vårt, skal koma vel heim på kveldstid, heitte det i søknaden.

Sparebanken vest har løyvt 15.000 kroner, medan heradet har gjeve 27.500 kroner til leikeplassen. Utstyret til leikeplassen er kome og vil verta sett opp i vår.

Nordheim seier det er om lag tretti husstandar i feltet. Alle har forplikta seg til å spleisa på straumrekninga for veglysa, som truleg vert på om lag to tusen kroner i året.

Å taksera eller ikkje taksera

Måndag tek medlemene i Kvam Ap stilling til om eigedomsskatten skal utvidast til heile Kvam. Resultatet kan verta avgjerande dagen etter.

SIGBJØRN LINGA

– Toget går no. Seier ein ja til taksering, seier ein ja til utviding av skatten, slår partileiar Sveinung Vestbø fast.

Medlemsmøtet er viktig fordi Ap har 6 av 27 heradsstyrepräsentantar. Økonomikontoret i Kvam herad skal orientera om skattesaka, og leiar Erik Bjerring Hansen i Kvamskogen vel får koma til orde på vegner av 700 hytteeigarar. Etter desse innlegga skal styret samlast og gje si tilråding til medlemsmøtet før ordskiptet tek til, fortel Vestbø.

Dersom eit fleirtal av medlemene går mot skatteutvidinga, meiner Vestbø heradsstyregruppa vert bunden til å følgja det opp. Då treng partiet 8 motstandarar i andre grupperingar for å få fleirtal.


Ap-programmet seier at partiet skal "vurdera eigedomsskatt for heile kommunen". I eit tidlegare medlemsmøte i Strandebarm vart det knapt fleirtal mot skatten, men Even Øyri (Ap) og Astrid Farestveit Selsvold (Ap) røysta for skatteutvidinga før jul. Øyri argumenterte i eit lesarinnlegg i HF denne veka for standpunktet.

Dilemma i H

Gruppeleiaren i V, som har 3 representantar, har allereie lova å røysta mot takseringa. Det same vil Reidar Tolo (H) gjera dersom ungdomsskulen i Norheimsund ikkje får leva. Truleg vil også Randi Storaas (SV) leggja seg på same line.

H kan verta tunga på vektsskåla. Geir Mo (H) og Bjarne Mo (H) var tidlegare hardbarka motstandarar av skatten og røysta seinast i desember mot utviding, men bae braut ut av Frp like før jul. Bjarne Mo veit ikkje korleis dei vil røysta tysdag.

Han seier heradsstyrepräsentantane ikkje har fullmakt til å røysta for å utvida skattegrunnla-



Arkivfoto: Sigbjørn Linga

– Ny upopulær sak?

Kvamskogen vel er mot utviding av eigedomsskatten i Kvam. I eit brev til politikarane skriv leiar Erik Bjerring Hansen (biletet) at hyt-

teeigarane mislikar tanken på å finansiera gode dei ikkje vil dra nytte av. Han minner om at hyttefolk frå før er kritiske til at dei skal

betala bompengar for vegtiltak sentralt i Kvam.

– Skal innføring av eigedomsskatt på Kvamskogen verta ei ny

særs upopulær sak? spør han dei folkevalde, og oppmodar dei om å røysta mot utvidinga av skatten.

get, men at dei kan røysta for taksering.

– Dette er likevel vanskeleg fordi prisen på takseringa er auka til fem millionar kroner. Det er som kjent ikkje god høgrepolitikk å innføra eigedomsskatt, seier Mo.

Gruppeleiar Oddvar Brakestad (H) sa i formannskapet nyleg at å taksera i praksis vil vera å utvida skatten.

– Mogeleg å kutta

Reidar Tolo (H) er for innføring av skatten på vilkår av at ungdomsskulen i Norheimsund får leva, eit standpunkt som fekk støtte av 10 andre i budsjettmøtet i desember.

Fell forslaget, meiner Tolo det er mogeleg å kutta nok i drifta til å klara seg utan nye skatteinntekter.

– Situasjonen er ikkje så dramatisk som enkelte får han til å høyrast ut, men immunforsvaret til eit byråkrati er sterkt. Me treng

ikkje senka driftsnivået meir enn det som var budsjettert i 2008, meiner han.

Tolo meiner det er mogeleg å røysta mot taksering tysdag utan å leggja fram alternative budsjett for dei neste åra, men seier justeringa må gjerast i neste tertialrapport i vår. Han minner om at det ikkje er budsjettert med ekstra skatteinntekter før 2010.

Tolo tykkjer det er underleg at folk ikkje "steilar" av planane om skatteutviding og viser meir motstand.

– Ingen utveg

Martin Vik (Sp) ser ikkje gode alternativ til skatteutvidinga. Han meiner inntekta bør brukast til å redusera gjelda for å få meir pengar til drift.

– Eg ser ingen veg utanom. Å få ned drifta med 15–20 millionar kroner er tøft. Berre å gjennomføra kutta i det gjeldande budsjett-

vedtaket for 2009 er ei stor utfordring, seier Vik.

Han fryktar at heradet kjem til å pådra seg underskot dei neste åra dersom skatten ikkje vert utvida i 2010.

– Konsekvensen vert at me må utvida skatten seinare og bruka pengane til å dekkja gamle underskot i staden for å halda hovudet over vatnet økonomisk, seier Vik.

Han minner om at eit samla heradsstyre har støtta investeringane i skule og pleie og omsorg dei siste åra. Unntaket er Kvam ungdomsskule.

Vik meiner òg hytteeigarane på Kvamskogen må leva med eigedomsskatt. Han påpeikar at dei er avhengige av ei rekkje tenester leverte av Kvam herad.

Vik meiner skattøyret, som vert fastsett av politikarane seinare, ikkje bør vera meir enn to–tre promille. For dei fleste vil det gje ein skatt på mellom to og tre tusen

kroner i året, spår han.

Allereie utlyst

Rådmannen har allereie lyst ut stillinga som prosjektmedarbeidar knytt til takseringa. Inga Lill Jensen Tolo (Ap) har spurt administrasjonen kvifor det vart gjort før pengane til takseringa er løyvde.

Personalleiar Kari Sagen svara at heradsstyret allereie i desember vedtok å be rådmannen starta "taksering av eigedomar med sikte på å innføra eigedomsskatt på alle eigedomar frå og med 2010". Med andre ord reknar administrasjonen møtet tysdag som ein formalitet.

Jensen Tolo undrar seg over tolkinga. Heller ikkje Martin Vik reknar takseringa som vedteken før tysdag, og meiner utlysinga i det minste bør innehalda eit atterhald om politisk godkjenning.

linga@hf.no